

ÅRSPLAN

SOLUND BARNEHAGE

2025/2026



Vedteken i Samarbeidsutval for Solund barnehage sak 8/25 – 17.06.25

VELKOMEN TIL BARNEHAGEÅRET 2025/2026


Eit heilt nytt og ubrukt barnehageår ligg framfor oss. Vi ser fram til eit nytt og spennande år med fokus på læring, samspel og meistring.

Solund barnehage er ein tradisjonell avdelingsbarnehage med tre avdelingar. Sjøstjerna er småbarnsavdeling, Kråkebollen mellomavdeling og Sjøhesten er storbarnsavdeling. På desse tre avdelingane kan det nyttast 50 plassar. Barn under tre år tel for 2 og barn over tre år tel for 1.

Barnehagen opna i 1992. Ved oppstart var det to avdelingar i bygget sin hovudetasje, med bibliotek i kjellaren. I 2013/2014 vart det gjennomført ei omfattande ombygging og avdeling Sjøhesten vart opna. No er det barnehage i heile bygget. Hausten 2021 vart det gjort ei oppgradering i hovudetasjen og vi har no gode lokalitetar inne, og eit flott og utfordrande uteområde. Samstundes nyttar vi nærområdet rundt barnehagen mykje i kvardagen som ein del av det pedagogiske arbeidet.

Denne planen er meint å gje informasjon til foreldre, barnehagens samarbeidspartar og andre interesserte om kva vi i Solund barnehage legg vekt på det neste barnehageåret, kontaktinformasjon og ei oversikt over viktige datoar.

Solund barnehage håper at alle får eit strålende fint barnehageår!



TILSETTE VED SOLUND BARNEHAGE 2025/2026

Linda Pollen Sundal	Pedagogisk leiar 100%	Linda.pollen@solund.kommune.no
Beate Losnegard Fosse	Pedagogisk leiar 100%	Beate.losnegard.fosse@solund.kommune.no
Benedikte Ohma Jørstad	Pedagogisk leiar 100%	Benedikte.Jorstad@solund.kommune.no
Jeanette G Viken	Fagarbeider 80%,	
Solfrid Soldal	Fagarbeider 80%	
Helene Lien	Fagarbeider 100%	
Amalie S Ytrøy	Fagarbeider 100%	
Magdalena Piwinska	Fagarbeider 100%	
Gro Frøyen	Assistent 100%	
Wenche Kirketeig	Assistent 100% 2025/2026, skal vere ein periode i skulen.	
Sandra Stølen	Ressurspedagog oppvekst 100%	sandra.stolen@solund.kommune.no
Irena Brzozowska	Reinhald 50%	
Anne Brith Tangenes	Styrar 100%	anne.brith.tangenest@solund.kommune.no
Hege Tunestveit	Spesialpedagog oppvekst 100%	Hege.tunestveit@solund.kommune.no

KONTAKTINFORMASJON

Telefon: 57786238 / 94879535 (Sjøstjerna/Kråkebollen) , 47976863 (Sjøhesten)

Styrar: 57786239 / 97584571 anne.brith.tangenest@solund.kommune.no

OPNINGSTID

Solund barnehage har ope frå **07.15 – 16.30**. Barna kan i det tidsrommet nytte plassen i 9 timar. Alle må vere ute av barnehagen til kl 16.30. **Barna skal vere komne til 09.00.**

Barn med plass i Solund barnehage skal ha **tre veker samanhengande ferie** i løpet av barnehageåret, sett til perioden veke 23-32. Det skal nyttast heile veker, måndag til fredag. Ferie skal meldast styrar innan 1/4-26.

Solund barnehage held stengt julafta og nyttårsafta samt fem plandagar i løpet av året. Onsdag før skjærtorsdag stenger barnehagen kl.12.00.

Solund barnehage har to veker med redusert opningstid i juli. Samarbeidsutvalet vedtek desse vekene.

Plandagar barnehageåret 2025/2026:

7. november 2025 (elevfri dag)

2. januar 2026 (elevfri dag)

15. mai 2026 (elevfri dag)

Barnehageåret avsluttast med to plandagar, venter med vedtak til skulerute for 26/27 er fastsett.

Samarbeidsutval

Samarbeidsutvalet skal vere eit rådgjevande, kontaktskapande og samordnande organ. Samarbeidsutvalet består av foreldre og tilsette i barnehagen, kvar gruppe likt representert. Barnehageeigar har to representantar. Styrar i barnehagen er sekretær, har rett til å uttale seg, men ikkje stemmerett i utvalet.

<https://www.solund.kommune.no/tenester/oppvekst/solund-barnehage/samarbeidsutvalet/>

Samarbeidspartar

PPT Ytre Sogn og Sunnfjord:

<https://www.solund.kommune.no/tenester/oppvekst/pedagogisk-psykologisk-teneste-ppt/>

HAFS barnevernteneste:

<https://www.solund.kommune.no/tenester/oppvekst/barnevern/>

Solund helsestasjon:

<https://www.solund.kommune.no/tenester/helse-og-omsorg/helsestasjonsteneste/>

Mobbeombod:

<https://www.vestlandfylke.no/utdanning-og-karriere/hjelp-i-skulekvardagen/mobbeombodet/>

Solund barnehage kan vere behjelpelig med å formidle kontakt ved behov.

Trafikksikker kommune

Solund kommune er ein trafikksikker kommune. Barnehagen forplikter seg til å ha trafikksikring på agendaen i løpet av barnehageåret, både opp mot barn, foreldre og tilsette. Det er utarbeida skriftlege rutinar for korleis ein skal arbeide med dette gjennom barnehageåret. Både når det gjeld ferdsel langs veg, men og på sjø/i båt.

<https://www.solund.kommune.no/aktuelt/solund-kommune-godkjent-som-trafikksikker-kommune.40232.aspx>



Solund barnehage sitt verdigrunnlag

Solund barnehage arbeider aktivt i kvardagen for å sikre gode oppveksttilhøve for barna. Fellesskap og ei kjensle av å høyre til er viktige for oss - alle skal føle at dei høyrer til i barnehagen vår!

Vi er opptekne av barndomens eigenverdi og vil ut frå det bidra til at alle barn får ein barndom som er prega av trivsel, venskap og leik. Tilsette i Solund barnehage skal møte barna med respekt og anerkjenning. Barnehagen skal vere ein trygg og utfordrande stad. Ein stad der barn kan prøve ut ulike sider ved samspel, fellesskap og venskap fritt for krenkingar i eit trygt miljø prega av gode relasjonar.

Rammeplan for barnehage: *Å møte individet sitt behov for omsorg, tryggleik, tilhøyrslø og anerkjenning og sikre at barna får ta del i og medverke i fellesskapet, er viktige verdiar som skal speglast i barnehagen. Barnehagen skal fremje demokrati, mangfald og gjensidig respekt, likestilling, berekraftig utvikling, livsmeistring og helse.*

Vidare i denne planen vert det belyst korleis Solund barnehage arbeider gjennom året for å oppfylle lov og avtaleverk.

Omsorg

Rammeplanen: *Omsorg er ein føresetnad for at barna skal vere trygge og trivast, og for at dei skal utvikle empati og nestekjærleik. Barnehagen skal gi barna høve til å utvikle tillit til seg sjølve og andre. I barnehagen skal alle barn oppleve at dei blir sett, forstått og respekterte, og få den hjelpa og støtta dei har behov for.*

Våre tiltak året 25/26:

Sikre ein god oppstart for nye barn i barnehagen og for barns om skifter avdeling.

Ha fokus på ein god og trygg overgang mellom barnehage og heim. Gjeld både ved tilvenning i barnehagen men og gjennom dagleg dialog ved levering / henting.

I det pedagogiske arbeidet skal mellom anna nytte verktøy som:

«Heile meg» <https://www.helemegbhg.no/>

SMART <https://smartoppvekst.no/>

Toleransevinduet <https://rvtssor.no/aktuelt/402/toleransevinduet-for-barn/>

Fuelbox <https://fuelbox.no/samfunn/skole/>

Være tett på barna gjennom heile dagen, ha fokus på den gode samtalen og gje tillit til å prøve og feile.

Ha fokus på den gode samtalen, ta seg tid, også til å lytte.

Være tydelege rollemodellar som har fokus på den gode relasjonen og på gode og tydelege grensene.

Legge til rette for eit godt leikemiljø som er inkluderande.

Danning

Rammeplan: *Barnehagen skal oppmuntre barna til å vere prøvande til og nysgjerrige på omverda og bidra til å leggje grunnlaget for modig, sjølvstendig og ansvarleg deltaking i demokratiske fellesskap. Barnehagen skal fremje samhald og solidaritet samtidig som individuelle uttrykk og handlingar skal verdsetjast og følgjast opp. Barnehagen skal bidra til at barna kan forstå felles verdiar og normer som er viktige for fellesskapet. Barnehagen skal bidra til å fremje tilhøyrsla til samfunnet, naturen og kulturen.*

Våre tiltak året 25/26:

Tilrettelegge for leik og leike saman med barna.

Tilsette sprer glede og godt humør i kvardagen.

Vi legg til rette for at alle individ får komme med sine eigne meiningar og delta i fellesskapet, samt å øve seg på demokratiske prosessar.

Rettleie barna i leiken og støtte dei i konfliktsituasjonar.

Vi vaksne hjelper og rettleier barna inn i leiken og legg til rette for felles erfaringar.

SMART – fokus på styrkane til barna

Læring

Rammeplan: *I barnehagen skal barna oppleve eit stimulerande miljø som støttar opp om lysta til å leike, utforske, lære og meistre. Barnehagen skal introdusere nye situasjonar, tema, fenomen,*

Våre tiltak året 25/26:

Tilsette er kreative i planlegging av det pedagogiske arbeidet, er fleksible i val av arbeidsmetodar, undrar seg saman med barna og er merksame på interesser i barnegruppene.

Vi lærer frå kvarandre, har tema og prosjekt over lengre periodar med fokus på tverrfaglege læringsprosessar.

- Bruker lokale ressursar inn i læringsprosessane.
- Vi varierer mellom inne og ute aktivitetar, bruker gymsal, naturen
- Vi fokuserer på kulturelle arrangement i kommunen, td lysfestivalen
- Ser på ulike kulturar som er representert i barnehagen
- Samarbeid med lokale aktørar, td kulturskulen, Solundheimen, aktivtør
- Vi legg til rette for eksperimenter, forsknings og undringsaktivitetar saman med barna
- Vi er opne for spontanitet og barns medverknad i kvardagen
- Har fokus på gode inntrykk og opplevingar som grunnlag for vidare læring

materiale og reiskapar som bidreg til meiningsfull samhandling. Nysgjerrigheit, kreativitet, og vitelyst skal anerkjennast, stimulerast og leggjast til grunn for læringsprosessane.

Vennskap og fellesskap

Rammeplan: I barnehagen skal alle barn kunne erfare å vere viktige for fellesskapet og vere i positivt samspel med andre barn og vaksne. Barnehagen skal aktivt leggje til rette for utvikling av vennskap og sosialt fellesskap. Sjølvkjensla til barna skal støttast, samtidig som barna får hjelp til å meistre balansen mellom å dekkje sine egne behov og ta omsyn til andre sine behov.

Våre tiltak året 25/26:

Tilsette

- veileder barna, er påkobla, tilstade og er opptatt av relasjonsbygging.
- hjelper barna med å handtere enkeltsituasjonar som td konflikter
- bruker SMART for å utvikle barnas respekt for andre barn/vaksne
- Psykologisk førstehjelp <https://solfridraknes.no/>
- fletter vennskap og fellesskap inn i tema, det er plass til alle
- Handlingsplan mot mobbing
- Nærværande, trygge og leikande vaksne
- Gje barna ansvar, ordensbarn, stilleminutt
- Gruppearbeid, vente på tur, ta hensyn til kvarandre
- Skape gruppetilhørighet, felles reglar
- Gode samtalar, td rundt bordet
- To barnesamtalar i løpet av året i forbindelse med foreldresamtalane
- Nulltoleranse for mobbing og krenkingar i barnehagen, synlege vaksne
- Nytte foreldresamtalar for å sikre at barnehage og heim har felles fokus knytt til det enkelte barn

Barns medverknad

Rammeplan for barnehagen: Barnehagen skal sikre barna sin rett til medverknad ved å leggje til rette for og oppmuntre til at barna kan få gitt uttrykk for kva dei synest om den daglege verksemda i barnehagen. Barnehagen skal vere bevisst på dei ulike uttrykksformene til barna og leggje til rette for medverknad på måtar som er tilpassa alderen, erfaringane, dei individuelle føresetnadene og behova til barna. Ein skal vektleggje synspunkta til barna i samsvar med alder og modenskap.

Våre tiltak året 25/26:

Tilsette:

- er merksame på barnas interesser
- legg til rette for å ta val, stemmerett ang kva som skal skje
- gjev barna ansvar, for eksempel ved å vere ordensbarn
- er opne for å høyre på barnas spontane innspel
- er i dialog med foreldre og føresette for å høyre kva barna fortel heime
- nyttar barnesamtalar som ein del av det pedagogiske arbeidet

Barnesamtalar

Observasjon av kvart enkelt barn og barnegruppene

Samarbeid mellom barnehage og heim

Rammeplan for barnehagen: Barnehagen skal vareta foreldra sin rett til medverknad og samarbeide nært og i forståing med foreldra. Samarbeidet mellom heimen og barnehagen skal alltid ha barnets beste som mål. Foreldra og barnehagepersonalet har eit felles ansvar for at barnet skal trivast og utvikle seg. Barnehagen skal leggje til rette for foreldresamarbeidet og god dialog med foreldra.

Foreldresamarbeid skal alltid ha barnets beste som mål. Samarbeidet skal skje både på individnivå med foreldre til kvart enkelt barn, og på gruppenivå gjennom foreldreråd og samarbeidsutval. Samarbeidet skal sikre at foreldre får mulighet til innflytelse på barnehagens arbeid med å skape eit heilhetleg omsorgs-, leike- og læringsmiljø.

Den daglege dialogen med foreldre er den viktigaste dialogen vi har. Dei korte møta i garderoben om morgonen eller på leikeplassen om ettermiddagen brukast ofte flittig av begge partar. Her vert det utveksla informasjon og ein blir kjent med kvarandre. Dette skaper ein relasjon som er viktig for å få til eit godt samarbeid.

Alle foreldre får tilbod om to foreldresamtalar i løpet av året, haust og vår. Så legg vi sjølvstilt til rette for fleire samtalar om det er behov for det. Det vert og gjennomført ein oppstartssamtale angående nye barn kort tid etter oppstart.

Det vert gjennomført to foreldremøter pr barnehageår, haust og vår, samstundes som det vert lagt opp til ulike arrangement der foreldre vert invitert.

Våre tiltak året 25/26:

- Gode kvardagssamtalar med foreldre ved levering/henting
- Foreldresamtalar
- Visma – dagbokinnlegg
- Arrangement i samarbeid med foreldrerådet
- Aktiv bruk av SU
- Foreldreråd
- Foreldremøter
- Temakveldar

Overgangar

Når barnet begynner i barnehagen:

Barnehagen skal i samarbeid med foreldra leggje til rette for at barnet kan få ein trygg og god start i barnehagen. Når barnet begynner i barnehagen, skal personalet sørge for tett oppfølging den første tida, slik at barnet kan oppleve tilhøyrse og føle at det er trygt å leike, utforske og lære.

Våre tiltak året 24/25:

- Velkomstskriv
- Tilbod om oppstartssamtalar
- Tilvenning, tilpassa det enkelte barn og foreldre
- Korte barnehagedagar
- Tilknytningsperson
- Foreldre kan komme på besøk før tilvenning
- Lav terskel
- Samtale med barna
- Foreldresamtale

Det å byrje i barnehage skal opplevast som ein god start i høve utvikling av tryggleik og tilhøyrse.

Tilvenning, tryggleik og tilhøyrse er nøkkelord i høve alle overgangar i løpet av barnehagetida.

Ny i barnehagen: barnehagen skal i samarbeid med foreldre leggje til rette for at barnet skal få ein god og trygg start i barnehagen. Barnehagen skal tilpasse rutinar og organisere tid slik at barnet får tid til å bli kjent, etablere relasjonar og knytte seg til personalet og til dei andre barna. Det vert sett av tre dagar til tilvenning, for nokre barn er dette nok, for andre vil det vere behov for meir tid. Tilsette og foreldre må her finne gode løysingar i eit tett samarbeid.

Frå barnehage til skule: For førskulebarna har vi ein intensjon om å gjere det siste året i barnehagen litt spesielt. Dei skal oppleve den avsluttande tida i barnehagen som spennande og utfordrande. Samstundes skal det vere ei tid der iveren etter å erobre ny kunnskap skytt fart (Veileder frå eldst til yngst 2009).

Overganger i barnehagen:

Personalet skal sørge for at barnet og foreldre får tid og rom til å bli kjende med andre barn og anna personale når eit barn byter barnegruppe.

Våre tiltak året 25/26:

- Barna besøkjer ny avdeling
- Samtale om overgangen
- Overgangssamtalar mellom tilsette
- Turgrupper og aktivitetar på tvers av avdelingane
- Besøksdagar
- Førebur barna over tid
- Samarbeid med foreldre og føresette

Overgangen mellom barnehage og skule:

Dei eldste barna skal få høve til å gle seg til å begynne på skulen og oppleve at det er ein samanheng mellom barnehagen og skulen. Barnehagen skal bidra til at barna kan avslutte barnehagetida på ein god måte og møte skulen med nysgjerrigheit og tru på egne evner. Barna skal få bli kjende med kva som skjer i skulen og skulefritidsordninga.

Våre tiltak året 25/26:

- Fadderordning
- Bruk av Trampoline og Salaby
- Gir barna meir ansvar/medbestemming
- Faste besøksdagar på skulen
- Plan for overgang bhg – skule
- Planlegge, vurdere og dokumentere

Planlegging, vurdering og dokumentasjon

Planlegging gir personalet grunnlag for å tenkje og handle langsiktig og systematisk i det pedagogiske arbeidet. Planlegginga skal bidra til kontinuitet og progresjon for enkeltbarn og barnegruppa. Barnehagen skal regelmessig vurdere det pedagogiske arbeidet. Det betyr at det pedagogiske arbeidet skal beskrivast, analyserast og tolkast ut frå barnehageplanane, barnehagelova og rammeplanen.

Våre tiltak året 25/26:

Plandagar, planlegging, vurdering og evaluering
Avdelingsmøter
Leiarmøter
Årsplan
Periodeplanar
Visma – til bruk i planlegging og dokumentasjon
Kompetanseheving i personalgruppa

Arbeidsmåttane i barnehagen

Arbeidsmåttane skal vareta barna sitt behov for omsorg og leik, fremje læring og danning og gi barn høve til å medverke. Personalet skal ta i bruk varierte arbeidsmåtar, og arbeidsmåttane skal tilpassast til enkeltbarn, barnegruppa og lokalmiljøet. Alle barna skal kunne oppleve progresjon i barnehageinnhaldet, og barnehagen skal leggje til rette for at barn i alle aldersgrupper får varierte høve til leik, aktivitetar og læring.

Våre tiltak året 25/26:

- Progresjonsplan for det pedagogiske arbeidet (vedlegg)
- Heile meg
- Psykologisk førstehjelp
- SMART
- Temaarbeid
- Veksle mellom planlagte og spontane aktivitetar
- Besøke Solundheimen
- Samabeid med frivillegsentralen
- Lysfestival
- TV – aksjon
- Samlingsstunder
- Bravo
- Språkleik, fri leik og pedagogiske leikar

Digital praksis

Rammeplan for barnehagen: *Den digitale praksisen til barnehagen skal bidra til lek, kreativitet og læring. Bruk av digitale verktøy i det pedagogiske arbeidet skal støtte opp om barna sine læreprosesser og bidra til å oppfylle rammeplanen sine føringar for eit rikt og allsidig læringsmiljø for alle barn. Personalet skal leggje til rette for at barn utforskar, leiker, lærer og sjølve skaper noko gjennom digitale uttryksformer.*

Våre tiltak året 25/26:

- Barnehagen bruker digitale verktøy på en kreativ og kritisk måte i leike og læringsaktivitetar.
- Vi brukar ulike digitale verktøy saman med barna og filosoferer over korleis det verkar.
- Vi bruker digitalt verktøy på kvar avdeling som f.eks. læringsprogram og musikk, og søker opp tema vi lurar på saman med barna.
- Visma flyt barnehage – Vi bruker visma til informasjon og kommunikasjon mellom barnehage og heim og dokumenterer barnehagens ulike aktivitetar på Visma for å knytte barnehagekvardagen til heimen.
- Trampoline og Salaby barnehage
- Bruker Prowise skjermer i prosjektarbeid og temaarbeid saman med barna

Fagområda i barnehagen

Fagområda speglar område som har interesse og eigenverdi for barn i barnehagealder, og skal bidra til å fremje trivsel, allsidig utvikling og helse. Barnehagen skal sjå fagområda i samanheng, og alle fagområda skal vere ein gjennomgåande del av innhaldet i barnehagen.

Kommunikasjon, språk og tekst

Barnehagen skal bidra til at barn leiker med språk, symbol og tekst, og stimulere til språkleg nysgjerrigheit, bevisstheit og utvikling.

Våre tiltak året 25/26:

- Vi les bøker for borna jamleg, og har alderstilpassa bøker tilgjengeleg på kvar avdeling.
- Vi brukar språket aktivt og bevisst i samhandling med barna – bruke spel, samtale, song, leik med språk og ord, rim og reglar,
- Språktrening – vi brukar ulike verktøy til arbeid med språk i grupper
- Vi har samlingsstund kvar dag, med lesing, forteljingar, rim, reglar, song og musikk
- Brukar språkstimulerande aktivitetar og språkstøtte, som t.d munnmotoriske øvingar og bileter/konkretar
- Vi brukar BRAVO

Kropp, rørsle, mat og helse

Barnehagen skal leggje til rette for at alle barn kan oppleve rørsleglede, matglede og matkultur, mentalt og sosialt velvære og fysisk og psykisk helse. Barna skal inkluderast i aktivitetar der dei får bevege seg, leike og samhandle med andre og oppleve motivasjon og meistring ut frå egne føresetnadar. Barna skal få sanse, oppleve, leike, lære og skape med kroppen som utgangspunkt.

Våre tiltak året 25/26:

- Legg til rette for varierte motoriske aktivitetar
- Barna får erfare og meistre risikofylt leik gjennom motoriske utfordringar
- Organiserte turar i skog, mark og fjære
- Fokus på sjølvstende og meistring i daglegdagse situasjonar ut frå alder og føresetnadar – t.d måltid og garderobe
- Barna får vere med på kjøkkenet i tilberedning av måltid og matlaging
- Fokus på sunt og variert kosthald
- Fokus på kropp og grenser – brukar «Hele meg» med dei eldste barna
- Vi brukar idrettsbygget med dei eldste barna

Kunst, kultur og kreativitet

Barnehagen skal leggje til rette for samhøyrse og kreativitet ved å bidra til at barna saman får oppleve og skape kunstnariske og kulturelle uttrykk. Personalet skal stimulere barna si nysgjerrigheit, utvide forståinga deira og bidra til undring, undersøkingar, utprøvingar og eksperimentering. Barnehagen må leggje til rette for og vidareutvikle dei kreative prosessane og uttrykka til barna.

Våre tiltak året 25/26:

- Legge til rette for kreativt arbeid med ulike materialer
- Ulike formingsaktivitetar og teknikkar knytta til tema for perioden
- Trommesirkel med førskulegruppa
- Samarbeid med kulturskulen opp mot lysfestivalen
- Markere nasjonaldag og høgtider
- Borna har tilgang til ulike materiale på avdelingane, til både spontan og organisert aktivitet

Natur, miljø og teknologi

Barnehagen skal leggje til rette for at barna kan få eit mangfald av naturopplevingar og få oppleve naturen som arena for leik og læring.

Våre tiltak året 25/26:

- Vi brukar naturen i nærområdet aktivt til turar og opplevingar
- Gje barna erfaringar og kunnskap om naturens mangfald
- Vi har fokus på bærekraft og deltar på strandrydding (samarbeid med friluftsrådet)
- Legg til rette for variasjon av leik og lærande aktivitet på turar
- Legg vekt på variasjon i innhald og mål for friluftaktivitetar – til dømes fisketur, sopptur, turar i fjære/skog/fjell
- Aktivitetar knytt til friluftslivets år

Mengd, rom og form

Barnehagen skal synleggjere samanhengar og leggje til rette for at barna kan utforske og oppdage matematikk i dagleglivet, i teknologi, natur, kunst og kultur, og ved å sjølve vere kreative og skapande.

Våre tiltak året 25/26:

- Vi bruker matematiske og skildrande omgrep i kvardagen og i leik
- Vi bruker brettspel og puslespel til forståelse av tall og former
- Ulike leikar og utstyr for konstruksjonsleik, skapande aktivitet, undring og eksperiment er tilgjengelege og blir nytta på avdelingane
- Vi bruker teljesanger og tallregler i samlingar
- Førskulegruppa har eige opplegg med Salaby barnehage og Trampolineboka

Etikk, religion og filosofi

Barnehagen skal skape interesse for mangfaldet i samfunnet og forståing for livsverda og levesettet til andre menneske. Gjennom å samtale om og undre seg over eksistensielle, etiske og filosofiske spørsmål skal barn få høve til sjølve å formulere spørsmål, lytte til andre, reflektere og finne svar.

Våre tiltak året 25/26:

- Formidle kunnskap om ulike levesett og tradisjonar
- Fokus på mangfald og inkludering
- Bruke verktøy frå SMART-oppvekst
- Bruke bøker, bileter og forteljingar som utgangspunkt for samtale og undring
- Markere samanes nasjonaldag og gje barna innblikk i samisk kultur
- Markere dei ulike høgtidsdagane
- Være bevisst at vi er ein fleirkulturell barnehage
- Lære barna og ha respekt for naturen og det som lever der

Nærmiljø og samfunn

Barnas medverknad i kvardagslivet i barnehagen legg grunnlaget for vidare innsikt i og erfaring med å delta i eit demokratisk samfunn. Gjennom utforsking, opplevingar og erfaringar skal barnehagen bidra til å gjere barna kjende med sitt eige nærmiljø, samfunnet og verda.

Våre tiltak året 25/26:

- Bli kjent i nærområdet og med dei tilboda lokalmiljøet har
- Fokus på medverknad og deltaking i fellesskapet
- Samarbeid med lokale organisasjonar/institusjonar, som kyrkja og Solund helsesenter, t.d ved høgtider og markeringar
- Legge vekt på hav og kystkultur – turar til fjære og bruk av barnehagebåten
- Ha fokus på mål sett i kommuneplanen sin samfunnsdel
- Være ein Livsgledebarnehage <https://livsgledeforeldre.no/livsgledebarnehage/>
- Bruke nærmiljøet som eit verktøy i det pedagogiske arbeidet

